

1 **LO må endre syn på EØS!**

2 **Overnasjonalitet og uregulert arbeidsinnvandring**

3 Med ei uregulert, fri arbeidsinnvandring frå lågkostnadsland (aust-utvidinga), utan krav til
4 norsk løn i Noreg, blir prisen på arbeid dumpa. Dette skjer både for arbeidstakrar,
5 arbeidsgivarar, diverse useriøse "postkasse-entreprenørar" og sjølvstendig
6 næringsdrivande.
7

8 Dette medfører tap av kunnskap, læring og ikkje minst nedgang i organisasjonsgrad. I tillegg
9 får dei store byane ukontrollert vekst og bygge-bobler som aldri ser ut til å sprekkje. Dei store
10 byane har store utfordringar i infrastruktur, sosiale problem og framandgjering i vente om
11 ikkje denne veksten snart får ein plan og eit mål.
12

13 **Ubalansert flyt og korttidsopphald**

14 Tal frå SSB viser at det er 270 000 arbeidsinnvandrarar frå EU- (EØS)-området fast busett i
15 Noreg. Desse tala viser til EU-innvandrarar utanom nordiske land. For året 2019 er det til
16 Noreg registrert 29 735 på generell innvandring frå EØS-området, til samanlikning er 9256
17 norske statsborgarar generelt registrert som utvandra. Desse tala viser altså til generell
18 migrasjon av alle grunnar.
19

20 Offisielle tal frå SSB for 2016 viser at 75 000 lønstakrar var her på korttidsopphald (dei aller
21 fleste frå EU-området). Av desse 75 000 kan fleire vere her i mange periodar i løpet av året.
22 I tillegg kjem alle sjølvstendig næringsdrivande, arbeidsgivarar på korttidsopphald, samt
23 arbeidstakrar registrert som enmannsforetak.
24

25 Vi ønsker å problematisere tre punkt:
26

- 27 1) ubalansen i den "frie flyten" - ein flyt som openbertyr går ein veg,- og som dermed kun er
28 "frei" for dei som tener på det.
29 2) dei som jobbar her *utan* å innvandre og utan å bli del av det norske samfunnet.
30 3) EØS-avtalen er dynamisk og blir stadig utvida til fleire og fleire politikkområde.
31

32 **Konkurransefortrinn for arbeidsgivar også i trygde- og pensjonsrettar**

33 For dei som er på korttidsopphald, er det vanleg at arbeidsgivar betaler arbeidsgivaravgift til
34 det EU-landet vedkommande er trygdemedlem i, og arbeidstakaren betaler trygdeavgift også
35 til det EU-landet.
36

37 EU (EØS) si trygdeforordning har som mål å koordinere, ikkje harmonisere, trygderettar. I
38 tillegg til generell sosial lønsdumping har arbeidsgivar også her eit ekstra
39 konkurransefortrinn ved å bruke korttidsarbeidskraft frå EU- (EØS)-området, framfor å bruke
40 den arbeidskrafa som er busett i landet.
41

42 Oslo Nei til EU ønsker ei inkluderande, regulert og berekraftig arbeidsinnvandring, der
43 norske løns- og arbeidsvilkår gjeld, ikkje eit arbeidsliv basert på importert laus arbeidskraft.
44

45 **Bremse og til slutt avvikle EØS-avtalen**

46 Oslo Nei til EU oppmodar LO til å endre syn på EØS-avtalen, og til å jobbe for eit regulert og
47 organisert arbeidsliv. No må LO snart vedgå at det såkalla "handlingsrommet overfor EU" er
48 ein illusjon.
49